

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i adventstida - 16. desember 2012

Preiketekst: Joh 5, 31-36 (ulike vitneutsegn om kven Jesus er)

Lesetekst I: Mal 4,4-6 (dei siste versa i GT, viser fram mot Døyparen Johannes)

Lesetekst II: 2 Pet 1,19-21 (om profetordet og om morgonstjerna)

Guds son og vår bror

Vitnesbyrdet etter Johannes

Preike-teksten er ein mindre del av talen Jesus heldt, ei tid etter helbredinga av den sjuke ved Betesda (Joh 5,1-13). Omgrepa *vitne* og *vitneutsegn* er sentrale i teksten vår og i heile Johannesevangeliet (Joh). Bibel 2011 gir grunnleggjande innføring i dette i fotnoten til Joh 1,19 og i ordforklaringa til omgrepet "vitne".

Hans Kvalbein meiner Joh betre kunne vore kalla *Vitnesbyrdet etter Johannes*. Då han heldt prøveforelesing til doktorgraden, valde han temaet *Den uavsluttede rettssaken. Om Johannesevangeliet som vitnesbyrd* (Ung Teologi 1/1982 s 83 ff). Før dette hadde han i meir populær form skrive om temaet i boka *Hovedtanker i Johannesevangeliet*. Ikkje minst den første delen av prøveforelesinga er relevant for tekstarbeid over Joh 5,31-36. Kvalbein seier elles at det var professor N. A. Dahl som sette han på sporet av å lesa Joh i dette perspektivet.

Vitneomgrepet høyrer heime i rettsforsamlinga. Joh er skrive som eit vitneutsegn der ulike vitne får koma til orde og tala om kven Jesus er. Kvalbein poengterer at rettsstriden i Joh står mellom Jesus og dei jødane som ikkje trudde på han.

Bakgrunn i Det gamle testamente

A. Forholdet mellom Gud og menneske blir framstilt som ei rettssak fleire stadar i GT. Særleg er biletbruken i Jes 43,9-11 aktuell som bakgrunn for Joh. Her fører Gud sak mot heidningefolka og deira avgudar. "Vi ser at vitnesbyrdet i denne teksten sikter på en reaksjon som er uttrykt ved tre verb som svarer til tre johanneiske begreper for å motta vitnesbyrdet: *ginosko, pistevo, blepo/horao*." (Kvalbein i UT s. 85)

B. Jesus viser i Joh 5,31 til den jødiske rettsregelen om at ingen kan vitna i eiga sak, jfr 5 Mos 17,6 og 19,15. Teksten vår (og dei følgjande versa) framhever derfor fire ulike vitne som vitnar for han: Døyparen Johannes, Jesu eigne gjerningar, Gud Faderen og Skriftene. Raymond E. Brown er i sin kommentar til Joh nøye på å framheva at det djupast sett er Faderen som vitnar. Det er han som blir omtalt som "ein annan". Dei andre vitna uttrykker bare ulike aspekt ved Faderen sitt vitnemål.

Ein synoptisk parallell

Joh 5,36 framhever ”dei gjerningane Far har gjeve meg å fullføra” som ei sterk vitneutsegn. Det er interessant å sjå dette i samanheng med Jesu svar til nettopp Døyparen Johannes i Matt 11,5.

Ein preikedisposisjon

Carl Henrik Martling: *Mitt i verkligheten bd 1* har ei skisse til preike over denne teksten, men i ei anna kyrkjeårstid. Hovudoverskriftene hans er desse:

Vittnesbördet till tro

1. – är inte människors ord utan Ordet självt
2. – är Faderens vittnesbörd om sin son
3. – måste gå på djupet för att skapa tro

Martling avsluttar preikeskissa slik: ”Vittnesbördet till tro skapar tro når det tas emot och får gå på djupet. Då händer något med den som lyssnar. Herren uppenbarar sin härlighet och du ser vem har är: Guds son och din egen broder.”

Det burde vera mogleg å byggja ut dette siste poenget slik at preika blir meir adventsprega. Det er viktig for norske kristne å bruka adventstida til å forska ut kven Jesus eigentleg er. Slik kan adventstida bli ei god og grundig førebuingstid til julehøgtida.

Arne Berge

Sokneprest i Hinna, styremedlem i Stavanger krins, reiseleiar på Shalom-turar, Den Norske Israelmisjon

berge.arne@gmail.com